



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Anders Skorpen, 71 25 85 39

Vår dato
14.08.2013
Dykkar dato
04.07.2013

Vår ref.
2013/4216/FMMRANSK/737.0
Dykkar ref.

Molde kommune
Rådhusplassen 1
6413 Molde

Avslutning tilsynssak - Pliktbrot påpeikt - Molde kommune - Mangel på sjukeheimslassar - Klager: Pensjonistforbundet Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottok 20. juni 2013 klage frå Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal om bruk av trippelrom ved Glomstua omsorgssenter. Saka hadde i dagane før vore omtalt i mellom anna NRK. Fylkesmannen oppretta tilsynssak mot Molde kommune 21. juni 2013. Vi mottok svar frå Molde kommune 4. juli 2013. I tillegg har representantar for Fylkesmannen vore på befaring ved Glomstua omsorgssenter, og mellom anna snakka med enkeltbebruarar på dei omtalte trippelromma.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal finn at Molde kommune bryt kravet til forsvarlege helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgstenestelova § 4-1 gjennom bruken av trippelrom ved Glomstua omsorgssenter.

Fylkesmannen er av den oppfatning at kommunen i tilstrekkeleg grad har ein plan for å rette opp i bruken av trippelrom. Fylkesmannen sender derfor ikkje saka vidare til Statens helsetilsyn.

Saksforholdet Fylkesmannen i Møre og Romsdal legg til grunn

Glomstua omsorgssenter har 56 bebuarar, 45 har langtidsvedtak og 11 har korttidsvedtak. Av dei 45 med langtidsvedtak bur 40 på einerom, to på dobbeltrom og tre på trippelrom. Av dei 11 med korttidsvedtak bur åtte på dobbeltrom og tre på trippelrom.

I utgreiinga til Fylkesmannen opplyser Molde kommune at det sidan desember 2011 blei teke i bruk eit trippelrom ved Glomstua omsorgssenter, og at det frå 23. januar 2013 vart omgjort enno eit dobbeltrom til trippelrom. Kommunen opplyser at den bebuaren som har budd lengst på trippelrom (pr. i dag) har budd der frå 4. februar 2012, med unnatak av seks veker på dobbeltrom.

Kommunen opplyser at situasjonen med bruk av trippelrom er jamleg skildra i møter og meldingar, samt i forarbeida til årsmelding for 2012 der driftssituasjonen ved omsorgssenteret er skildra. Bruken av dobbeltrom og trippelrom har vore kjent, og godkjent, som eit av fleire verkemiddel for å avbøte situasjonen med manglande tilgang på sjukeheimslassar. Særlig utfordrande skal dette ha vorte etter iverksetting av «Samhandlingsreformen». Administrativt har situasjonen ved Glomstua vore vurdert som ikkje ønskeleg eller optimal, men som forsvarleg. Situasjonen har vore fortløpende

vidareformidla til politisk nivå i kommunen. Først og fremst gjennom 13 rapportar frå «Seksjon Pleie og omsorg» og «Kontor for tildeling og koordinering» sidan 27. mars 2012.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin vurdering

Saka er behandla som ein førespurnad etter pasient- og brukarrettigheitslova § 7-4 og helsepersonellova § 55 om å vurdere om reglar i helselovgivinga er brote. Fylkesmannen skal etter helsetilsynslova § 2 gi råd og rettleiing til kommunane. Om verksemda i helse- og omsorgstenesten blir drive på ein måte som kan ha skadelege følgjer for pasientar eller andre eller på annan måte er uforsvarleg, kan Statens helsetilsyn gi pålegg om å rette forholda jamfør helsetilsynslova § 5.

Vurderingstema i saka er om det er uforsvarleg å ha trippelrom i sjukeheim.

Rettsleg grunnlag er helse- og omsorgstenestelova § 4-1 første avsnitt første setning og andre setning bokstav b .jamfør verdighetsgarantien § 3, sjukeheimsforskrifta § 4-1 og kvalitetsforskrifta § 3.

Det følgjer av helse- og omsorgstenestelova § 4-1 at:

*Helse- og omsorgstjenester som tilbys eller ytes etter loven her skal være forsvarlige.
Kommunen skal tilrettelegge tjenestene slik at:
(...)
b. den enkelte pasient eller bruker gis et verdig tjenestetilbud*

I forarbeida til regelen, Prop. 91 L (2010-2011) s. 494, er det presisert at «[e]t tjenestetilbud som ikke oppfyller grunnleggende verdighetskrav, vil heller ikke kunne oppfattes som et forsvarlig tjenestetilbud.»

Spørsmålet er om det er «verdig» at bebuarar på sjukeheim bur på trippelrom.

Etter ei naturleg lesing må «verdig tjenestetilbud» forståast som at tenestetilboden skal vere i tråd med etiske standardar og ivareta brukaren sitt menneskeverd. I forarbeida til regelen, prop. 91 L (10-11) avsnitt 29.9.2 skriv departementet at «[t]illiten til eldreomsorgen er avhengig av at det sikres et tjenestetilbud basert på at den enkelte skal få en verdig alderdom og gis muligheter til en livsutfoldelse i samsvar med den enkeltes muligheter og grunnleggende behov.» Ut frå ordlyden og forarbeida kan ein ikkje direkte konkludere på om det er uverdig å bu på trippelrom.

For å knytte konkrete rettar til omgrepene «verdig» har departementet gjeven «forskrift om en verdig eldreomsorg». I § 3 gis nærmare reglar om kva som krevast for at tenesten skal vere verdig:

*Tjenestetilboden skal innrettes i respekt for den enkeltes selvbestemmelsesrett, egenverd og livsførsel og sikre at medisinske behov blir ivaretatt. For å oppnå disse målsettingene skal tjenestetilboden legge til rette for at følgende hensyn ivaretas:
a) En riktig og forsvarlig boform ut fra den enkeltes behov og tilstand.
(...)
h) Tilby eldre som bor på helseinstitusjon enerom*

I forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie § 4-1, andre avsnitt første og andre setning, er det uttalt at «[s]engerommene skal som hovedregel være enerom. Det

kan innredes to-sengsrom for ektefeller og andre som ønsker å bo sammen». I forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestane § 3 andre avsnitt er det slått fast at kommunen skal utarbeide «skriftlige nedfelte prosedyrer som søker å sikre at brukere av pleie- og omsorgstjenester får tilfredsstilt grunnleggende behov. Med det menes bl.a.: (...) tilbud om eget rom ved langtidsopphold».

Forskriftene kan ikkje lesast som et krav om at alle som bur på sjukeheim skal ha einerom. Ein må sjå desse reglane i samanheng med plikta kommunen har til å yte tenester. For bebuarar med midlertidige vedtak om plass på sjukeheim må ein ta omsyn til at talet på personar som har behov for tenester kan variere og det kan skje ekstraordinære hendingar som gjer at fleire unntaksvise må bu på rom saman. For bebuarar med langtidsvedtak gjer ikkje desse omsyna seg gjeldande. I tillegg er sjukeheimen heimen til dei som bur der på langtidsopphald. Omsynet til at bebuarane skal ha rett til privatliv gjer seg gjeldande i større grad under langtidsopphald. Ein må for desse krevje både at kommunen har som mål at alle skal ha einerom, og at kommunen gjer konkrete tiltak for å sikre at alle får einerom.

Molde kommune har nedfelt i «Standard for teneste: Sykehjem i Molde kommune» at bebuarar på langtidsplass skal ha tilbod om einerom. At det var trippelrom på Glomstua var kjent både for administrasjonen og kommunestyret. Likevel kan ikkje Fylkesmannen sjå at kommunen har gjort konkrete tiltak for å forsøke å endre på situasjonen på Glomstua omsorgssenter. Trippelromma på Glomstua omsorgssenter er ikkje midlertidige løysingar for å bøte på ein uføresett stor mengde bebuarar på kort sikt, men et langsiktig tiltak godkjent av administrativ og politisk leiing.

Slik Fylkesmannen ser det har Molde kommune ikkje gjort konkrete tiltak for å sikre at alle bebuarar med langtidsvedtak får einerom. Kommunen har heller ikkje gjort konkrete tiltak for å bøte på bruken av trippelrom på korttidsavdelinga.

I lys av dette finner Fylkesmannen at tilboden om sjukeheimspllass i trippelrom ved Glomstua omsorgssenter ikkje er verdig, og derfor ikkje forsvarleg.

Molde kommune har ikkje utarbeidd ein spesifikk plan for Glomstua omsorgssenter, men vil søke å løyse situasjonen gjennom dei tiltaka som er skissert i kommunen si nye omsorgsplan «Lengst mulig i eget hjem – Helse og omsorgsplan for Molde kommune 2013 til 2020». I planen er det skissert at Glomstua skal bli langtidssjukheim. De romma som i dag er dobbeltrom ved korttidsavdelinga skal etter planen bli einerom. Fylkesmannen føresett at dette og gjeld trippelromma. Planlegginga av spesialisering av sjukeheimane er i følgje Molde kommune i gang, og spesialiseringa vil bli gjennomført så snart som mogleg. Planlagt oppstart for flytting av bebuarar er 16. september 2013.

Fylkesmannen er av den oppfatning at kommunen i tilstrekkeleg grad har ein plan for å rette opp i bruken av trippelrom. Fylkesmannen sender derfor ikkje saka vidare til Statens helsetilsyn.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal finn at Molde kommune bryt kravet til forsvarlege helse- og omsorgstjenester etter helse- og omsorgstenestelova § 4-1 gjennom bruken av trippelrom ved Glomstua omsorgssenter.

Fylkesmannen er av den oppfatning at kommunen i tilstrekkeleg grad har ein plan for å rette opp i bruken av trippelrom. Fylkesmannen sender derfor ikkje saka vidare til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding på at bruken av trippelrom er avslutta **innan 1. desember 2013**.

Med helsing

Rigmor Brøste
Fung. fylkesmann

Christian Bjelke
Direktør/fylkeslege

Medisinskfagleg saksbehandlar: Ass. fylkeslege Cato Innerdal
Juridisk saksbehandlar: Rådgivar Anders Skorpen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:
Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal Myrabakken 2 6413 MOLDE